

Notat/ status til prosjekteigar frå administrativ arbeidsgruppe 24.05.19

Undergrupper:

Gruppe 1 Barnehage

Gruppe 2 Skule

Gruppe 3 Integrering og støttetjenester

Gruppe 4 IKT

Mål/ visjon for arbeidet:

Med utgangspunkt i dagens tenester vil me evaluera alle områder og reetablere tenester som er til det beste for innbyggerane i Voss herad.

Status for arbeidsgruppa:

Vedtekter for barnehage og SFO, samt ordensreglar for grunnskulene har vore ute til høyring. Vedtekter for barnehage og ordensreglar for skule skal vidare til Fellesnemnda 14.06 og skal etter planen gjelde frå 01.08.2019. Nye vedtekter for barnehage har ikkje konsekvensar for inntak i barnehage før etter 01.08.2019. Tildeling av barnehageplass for hausten 2019 skjer med andre ord på vanleg måte, både i Voss og i Granvin. Ved oppstarten av nytt barnehage- og skuleår vil leiarane i Oppvekst bruke tid på å legge fram kva som er nytt i nye vedtekter og ordensreglar.

Vedtekter for SFO skal me arbeide vidare med utover hausten. Dei nye vedtektene for SFO vil ikkje gjere seg gjeldande før i 2020.

IKT-gruppa har lagt ned eit stort arbeid i å vurdere bruk av læringsplattform i skulen. Både Voss og Granvin har til no nytta It`s learning. Frå 1.8.2019 vert It`s learning gradvis fasa ut (heilt avslutta 1.3.2020), og frå 1.8.2019 startar me å nytte plattformen Skooler. Skooler har ei god integrering inn mot office, har ein lågare pris og leverer jamt over ei betre teneste enn det me oppfattar at It`s learning kan gje oss. Oppvekst held no på med å syta for opplæring i bruk av Skooler. Me ser at Skooler også har løysingar som barnehagane kan ha nytte av å bruke. Det er vidare bestemt at Granvin skal nytte det same administrasjonsprogrammet for skule som Voss nyttar. Me skal i gang med opplæring av Granvin i dette programmet i desse dagar.

Deloppgåver som er avslutta,

Innkjøp av ny læringsplattform i skulen. Skooler kjem inn og erstatter It`s learning.

Planlagde utviklingsaktivitetar (jmfr. styringsdokument)

Prioriterte oppgåver

Me arbeider med å løfte den digitale satsinga i skulen. Her har Granvin gått føre, og me ynskjer at heile Voss herad kan lære av det arbeidet dei har gjort i skulen i Granvin dei siste åra. Dette krev at Voss prioriterer innkjøp av digitale flater og at me hever den digitale kompetansen til lærarane.

5.april bestemte Fellesnemnda at det skal lagast ein ny temaplan for barn og unge i Voss herad. Planen skal utarbeidast i løpet av 2019, den vil bli vedtatt av heradsstyret hausten 2019 og gjelda frå 1.1.2020.

Voss herad må arbeide med å få på plass ei vaktordning for barnevernet. Per no har Voss ikkje ei slik ordning. Arbeidet med barnevernsvakt for heile vestlandet har pågått på rådmannsnivå i lang tid, men det er no klart at Voss må ta eit leiaransvar i arbeidet med å få dette på plass. Me er i dialog med nærliggjande kommunar for å sjå om det er rå å samarbeide om denne tenesta. Saman med Helse og omsorg vil me sjå om det også er andre tenester me kan samarbeide med andre om. Døme på dette kan vere kommunepsykolog og kriseteam.

Oppvekst kjem fram mot samanslåinga til å arbeide med eigen kultur. Inn i Voss herad skal me bygge ein ny og felles kultur. Her vert tillit og endring sentralt. Begge deler er naudsynt både i arbeidet med fagfornyning og rammeplan i skule og barnehage, men også for at me saman kan skape ein sektor som i samarbeid med heimen bygger barn og unge som er skodd for å møte framtida.

I Voss har Oppvekst slitt med å holde seg innanfor budsjett. Me må sjå på reglar og praksis kring ressurstildeling til einingane i oppvekst. Tidleg innsats og førebygging skal vere retningsgivande for arbeidet vårt. Dette må også vere synleg i Oppvekst sitt budsjett.

For å betre samarbeide mellom politikarar og administrasjon treng me også å sjå på korleis administrasjonen rapporterer til politikarane og på korleis me elles kan involvere dei folkevalde i det arbeidet me gjer innan oppvekst.

Risikovurdering av omstillingsprosessen

Det har blitt gjennomført ein risikoanalyse av omstillingsprosessen på eit tidligare tidspunkt. Her vart det peika på at omstillinga vil føre til ein del meirarbeid for nokre medarbeidarar. Dette er riktig og me ser det særleg i staben i Oppvekst. Her er det mange som jobbar mykje for å rekke over både dagleg drift og meirarbeid knytt til samanslåinga.

I tida fram mot kommunesamanslåing ser me at god informasjonsflyt er ein nøkkel. Oppvekst har regelmessige møter med leiarane og kan nytte desse høva til å gje

informasjon. I tillegg må me vere tydeleg på kva leiarane må ta vidare ut i sine einingar.

Saker som må avgjerast i Fellesnemnda.

No i vår kjem ordensreglar for skule og vedtekter for barnehage.

Til hausten kjem det ein sak om skuleskyss. I tillegg kjem framlegg til ny temaplan for barn og unge.

På nyåret kjem vedtekter for SFO.

Medverknad frå andre ressurspersonar:

- *Korleis har arbeidsgruppa sikra medverknad frå tillitsvalte og verneombod?*

Dei tillitsvalte er med i gruppa for samanslåing. I den grad dei ønsker drøfting om saker, tek dei dette opp. Verneombod vil få innkalling til møter når me finn at dette er relevant.

Informasjon til tilsette:

Korleis har arbeidsgruppa sikra at andre tilsette får informasjon om arbeidet og moglegheit til å kome med innspel?

Me sender ut informasjon om status for arbeidet me held på med. Dette vart sist gjort før påske 2019. I dette brevet opna me også for at alle som arbeidar innan oppvekst kan kome med innspel til den nye temaplanen. Ny temaplan kjem også til å vere tema på leiarsamling i juni 2019, og einingane vil bli utfordra på innspel om sitt område i løpet av hausten 2019.

Gevinstrealisering

Er det område ein kan henta ut gevinstar på allereie no. Kva er eventuelt føresetnadane for å realisera dei?

Oppvekst vil jobbe med eit langsiktig perspektiv der me ikkje kan hente ut store gevinstar på kort tid. Me har fokus på førebygging og tidleg innsats og må sørge for at dette er noko det er mogleg å sjå at ute i einingane.

Samanslåinga fører ikkje til at me treng færre folk innan oppvekst. Skal me hente økonomiske gevinstar må me vurdere om dei ulike tenestene me tilbyr er rette og gode tenester, og me må sjå på om me nyttar ressursane godt.